

Fylkesdirektøren sine innspel til justeringar av rutetilbodet					vedlegg 2
NR	Kommune	Rutestrekning	Innspel	Vurdering	Anbefaling
1	Bremanger	Svelgen - Grov	Svelgen 08.30 – Grov på laurdagar	Ved å flytte fram ruta 15 minutt får vi samband frå Svelgen til Førde, med overgang på Grov kl. 09.00. Tiltaket har ingen kostnader.	Innspelet vert imøtekome
2	Flora	Florø - Førde	Florø 09.25 – Førde på laurdagar	For å gje betre samband med båtane som kjem inn til Florø kl. 08.30 foreslår fylkesdirektøren å flytte fram ruta til 08.35. Tiltaket har ingen kostnader.	Innspelet vert imøtekome
3	Luster	Gaupne - Breheimsenteret	Alle sommar avgangane må køyre same rutetrasse via Fossøy.	Det er i dag nokre små nyansar kva veg dei ulike avgangane går. Fylkesdirektøren foreslår å justere litt slik at alle sommarrutene køyrer same vegen. Dette vil gjere det meir føreseielege for dei reisande. Kostnadmessig vil det bli om lag det same.	Innspelet vert imøtekome
4 a	Lærdal	Lærdal sjukehus - Fodnes kai	Innstille ruta frå Lærdal sjukehus kl. 17.35 til Fodnes kai kl. 17.55 på søndagar.	Søndagsruta frå Lærdal sjukehus kl. 17.35 til Fodnes er lite brukt. Statistikk i perioden 19.06.-31.12.2017 viser at det var 15 passasjerar med ruta. Det var passasjerar på 11 av 27 turar. På søndagar går det rute frå Lærdal sjukehus kl. 15.05 og kl. 19.20. Å instille ruta vil gje ei innsparing på 22 000 kr. Fylkesdirektøren meiner det er for få reisande til å kunne forsvare ei bussrute. Vidare vert det vurdert til å vere alternative ruter.	Ruta vert instilt.

4 b	Lærdal	Fodnes - Lærdal rådhus	Innstille ruta frå Fodnes kl. 17.55 - Lærdal rådhus kl. 18.05 på søndagar	Ruta går i dag parallelt med NX 450 Sognebussen frå Fodnes til Lærdal. Ruta har soleis ingen funksjon. Innstilling av ruta vil gje ei innsparing på kr. 18 000. Fylkesdirektøren rår til å instille ruta.	Ruta vert instilt.
5	Lærdal	Lærdal sjukehus - Lærdal Rådhus	Ny rute frå Lærdal sjukehus kl. 12.35- Lærdal rådhus kl. 12.43, dx67	Det vert etterspurt frå sjukehuset ei midt på dag rute ned til Lærdal sentrum slik at reisande kan ta buss derifrå til Sogndal. Med litt billettinntekter forventar fylkesdirektøren at kostnaden vert om lag 15 000. Fylkesdirektøren rår til å etablere slikt samband.	Innspelet vert imøtekome
6	Sogndal	Brebussen i Fjærland	Utvide perioden for Brebussen i Fjærland til 15.09.	Det reise i 2018 om lag 3 000 med Brebussen i Fjærland. I dag er perioden for Brebussen 01.06.-31.08. Turistbåten til Fjærland går til 15.09. Tiltaket vil koste om lag 20 000 kroner. Fylkesdirektøren rår til utvide sesongen for Brebussen med ein halv månad slik at ruteperiodane heng saman.	Innspelet vert imøtekome
7	Sogndal	Sogndalsringen	Endre avgangstid frå Sogndal skystasjon frå 14.25 til kl. 14.30	Fleire korresponderande ruter har utfordringar med å rekke denne ruta. Fylkesdirektøren foreslår å justere denne ruta slik at rutesystemet heng betre saman.	Ruta vert justert 5 minutt.
8	Sogndal	Sogndalsringen	Endre avgangstid frå Sogndal skystasjon 15.45 til kl. 15.30	Pendlarar frå Leikanger til Kaupanger må i dag vente i Sogndal frå 15.30 til 15.45. Fylkesdirektøren foreslår å justere rutetida slik at reisande på gjennomreise gjennom Sogndal slepp å vente unødig.	Ruta vert justert 15 minutt.
9	Sogndal	Sogndal kl. 15:30 - Ingafossen - Mannheller sommar	Ikkje køyre via Ingafossen når skulefri. Endre avgangstid til kl. 15:35	For at skuleruta frå Ingafossen skal rekke ferja på Mannheller, startar den på rutebilstasjonen går om Ingafossen og køyrer deretter til Mannheller. Om sommaren når skulen er stengt er det ikkje naudsynt å gå oppom Ingafossen sidan det ikkje er påstigande der. Dette gjeld 40 turar for året.	Innspelet vert imøtekome.

				<p>Tiltaket vil gje ei innsparing på kr. 2 500 kr og dei reisande frå rutebilstasjonen slepp omvegen om Ingafossen.</p> <p>Fylkesdirektøren forselår å justere ruta i skulefri periode.</p>	
10	Sogndal/Luster	Fortun kl. 06:05 til Sogndal	Ikkje køyre via Ingafossen om sommaren og skulefrie dagar.	<p>Ingen avstigande passasjerar på Ingafossen når skulen er stengt.</p> <p>Å sløyfe turen om Ingafossen vil gje ei innsparing på kr. 2 500.</p> <p>Fylkesdirektøren forselår å justere ruta i skulefri periode.</p>	Innspelet vert imøtekome
11	Sogndal/Lærdal	Lærdal kl. 07:35 til Sogndal sommar	Ikkje køyre via Ingafossen om sommaren og skulefrie dagar.	<p>Ingen avstigande passasjerar på Ingafossen når skulen er stengt.</p> <p>Å sløyfe turen om Ingafossen vil gje ei innsparing på kr. 2 500.</p> <p>Fylkesdirektøren forselår å justere ruta i skulefri periode.</p>	Innspelet vert imøtekome